

Luftskipet på plass på Gjerdet Kulturminnegard. Kunst i verdensklasse innvier det unike kulturbygget i mai.

Med utstillinga 'bibliotek' opnar luftskipet 23.mai. Det er den engelske kuratoren James Putnam og kunstnaren Woojung Chun frå Kina som står ansvarleg for utstillinga, som sist sto på den 53. Venezia-biennalen.

Det er kunst i verdensklasse som no kjem til kulturminnegarden på Gjerdet. Utstillinga er gjort stedsspesifikk, mellom anna i samarbeid med Vestnytt. Opning og lansering blir søndag 23.mai klokka 14. Mer informasjon på luftskipets eigen nettstad <http://www.luftskipet.net/>, på facebook <http://www.facebook.com/pages/Luftskipet> eller på Gode Sirkclar si nettside.

Luftskipet blir støtta av Liegruppen, Hordaland fylkeskommune, BT, Riksantikvaren og Norsk kulturråd. Alle er hjarteleg velkomne til opninga.



Gode Sirkclar gir innspel til ny strategisk næringsplan for Hordaland. Sigmund Kvernes sitt foredrag svært godt mottatt på BRB-konferanse.

Kompetanseutvikling i små og mellomstore bedrifter og praksisnær undervisning i bergensregionen er hovudpunkt i Gode Sirkclar sine innspel til ny strategisk næringsplan. I foredraget sitt viser Kvernes til at SMB er eit stort satsingsområde i EU, og at det ligg til rette for eit internasjonalt prosjekt i regionen. Kommunane si tilnærming til strategisk næringsplan var eit tredje fokus i foredraget. Forankring, samhandling og kunnskap er stikkord for å skape ein dymamisk vekstregion, sa Kvernes; vi må fylle hola i kunnskapen vi har med å samarbeide med andre regionar både i og utanfor Noreg. Vi må gjere kunnskapen tilgjengeleg for mange, og vi må samhandle på fleire nivå. Nett no treng vi samhandling om konkrete prosjekt. Marin næring, oppleving, kutur og reiseliv er døme på satsingsområde fremover. Sigmund Kvernes viste til erfaringar frå oppbygginga av Gode Sirkclar, der lokal forankring er grunnlaget for innovasjon- og vediskapingsarbeidet. Foredraget blei godt mottatt, og gir grunnlag for den vidare drøftinga fram mot ny strategisk næringsplan.

Høg aktivitet på Kaisess i Trellevik 24.april

Høg stemning, elevkunst og aktivitet prega Kaisess på Tofterøy. Skulen viste seg som eit kraftsenter for bygging av stadtilknytning og identitet, som var tema denne gongen. Med god oppslutnad frå bygda, Kystkultursenteret og kommunen, blei arrangementet ein opptur på alle vis, sjølv om utandlandske gjester ikkje kom seg frå Skottland på grunn av oskeskyen. Tone Boska frå Gode Sirkclar er initiativtakar, inspirator og gjennomførar for Kaisess. Forskarar og kunstnarar frå to universitet - UiB og University of Edinburgh - var involvert i tilskipinga denne gongen. Kaisess er integrert i prosjekt Perlar i Nordsjøløypa og Gode Sirkclar sitt arbeid med stadutvikling.

Blomvåg skule i finalen i smart-kampanjen

Med eit genielt system for lading av batteri med innlagt fjørsystem i joggleskoa som eit av fleire nyskapande framlegg, har 5.klassingar frå Blomvåg nådd fram med sine tankar om grøn energi for framtida. Elevane



Barkefarge



Lampeknytning

har passert fylkesfinalen, og skal no konkurrere med Smarte hovud frå heile Noreg.

5. og 6. klasse har arbeidd saman med energiselskapet Sway og Ungt Entreprenørskap i Hordaland. Med god bakgrunnskunnskap om elektronikk, vindmøleteknologien til Sway og teknisk utstyr frå Nito, har elevane gått laus på utfordringa i årets Smart-kampanje.

Biletet viser den flytande vindmølleinstallasjonen elevane har produsert

Nytt Liaskjærseminar 3. juni

Gode Sirkclar vil etablere Akselerasjonskonferansane som ei rekke seminar og samlingar. Hensikten er å bringe saman forskning, industri og offentleg verksemd, med aktuelle tema. 3. juni vil det bli arrangert eit seminar med energi og klima som emne. Nye krav til energiløysingar, nye mulegheit og utfordringar er fokus for seminaret. Alle dei store forskningsinstitusjonane i Bergen blir inviterte. Meir informasjon kjem etterkvart på akselerasjonskonferansane si eiga nettside: lko.no.

Knappskog skule i internasjonal kampanje

1.klasse på Knappskog skule er med på å utvikle den internasjonale skulekampanjen Beagle. Elevear over heile Europa tar del i prosjektet, som går ut på å følgje eit tre i bestemte fenologiske fasar gjennom året. Det er Universitetet i Bergen som driv kampanjen saman med EU og universitet over heile Europa. Skuleklassen på Knappskog prøvar ut arbeidsmåtar og blir referanse for fagmiljøet som utviklar kampanjen. Omtale av førsteklassingane sitt arbeid er no ute på Beaglesida og i andre medier. Døme:

<http://www.facebook.com/pages/The-Beagle-project/295543816611>

Guideservice

I underkant av tretti deltakare har med stor iver og entusiasme gjennomført det 50 timar lange guidekurset i PIN-regi. Værgudane har ytt motstand på kurskveldane og ekskursjonane i Nordsjøløypa, men det har ikkje stoppa denne gjengen. Tilbakemeldingar frå kursdeltakarane har vore gode når det gjeld opplegg og kvalitet. Det har vore nyttig å treffast på kurset for å utveksle kunnskapar, og utover det som pensumlista har lagt opp til. Kurset vart avslutta laurdag 17.04.10 med ein praktisk prøve, og deretter utdeling av bevis for gjennomført kurs. Det vanka ordførarhelsingar på avslutningsarrangementet på Fjell Festning denne laurdagen.